

## **Fråsegn frå Stranda Rotary til Stranda kommune ved ordførar Jan Ivar Tryggestad**

Rotary er ein internasjonal organisasjon som arbeidar for mellomfolkeleg forståing og samarbeid. Dei 28 medlemmene i Stranda Rotary er ein del av denne fellesskapen.

Krigen i Ukraina gjer oss vondt. Den brutale russiske invasjonen har påført sivilbefolkninga store lidingar. Millionar er drevne på flukt – mange av dei til nabolanda.

Norge stør dei kjempande ukrainarane med våpen og anna militært utstyr. Norge har óg teke ansvar for at dei som råkast av krigshandlingar eller på flukt, får humanitær hjelp. Vi står opp for eit folk som berre ynskjer fred med naboane sine og rett til sjøl å ta avgjersler for landet sitt. Ukrainarane er som oss.

Norske styresmakter har gjort det klårt at dei i samråd med EU er klare til å ta imot folk på flukt frå krigen i Ukraina. Det kan fort bli mange, ti tusen – kanskje hundre tusen, som vil kome til landet vårt. Som dei andre nordiske landa har vi gode føresetnader for å ta hand om mange. Med eit forenkla opplegg for handsaming av søknader, vil tida mellom opphald på sentrale mottak til busetjing i kommunane truleg bli kort.

Stranda Rotary vil oppmode Stranda kommune til å gi eit klårt signal om at vi her i kommunen ynskjer flyktningar frå Ukraina velkomne. Stranda er med 20 prosent den kommunen i Møre og Romsdal som har relativt flest innvandrarakar, samt deira born, busett i kommunen. I tillegg kjem dei som jobbar her på kortidsopphald. Dei fleste som har kome hit dei siste 15 – 20 åra er frå land i Aust-Europa. Dei gjer ein stor innsats der dei jobbar, betalar skatt på like fot med alle andre, og har i stor monn kompensert for at mange unge nordmenn diverre har flytta frå kommunen. Integreringa har i alt i alt vore vellukka. Stranda hadde ikkje vore den same, gode kommunen å bu i utan innvandrarakane.

For ukrainske flyktningar vil perspektivet vere eit anna enn for arbeidsinnvandrarakane. Dei vil i utgangspunktet kunne ynskje seg tilbake til heimlandet sitt snarast råd. Men det vil kunne ta lang tid før det vert mogleg, og medan månadene og åra går vil kanskje nokre av dei slå seg ned her.

Vi trur fleire omsyn talar for at Stranda i dialogen med sentrale styresmakter gjer det klårt at vi ynskjer mange frå Ukraina hit. For dei som kjem, handlar det om tryggleiken ved å vere del av ei større gruppe som vert tekne hand om i ein liten kommune. Det vil óg gjere miljøet mindre sårbart om nokre av dei etter kvart vil flytte på seg.

For ein liten kommune som Stranda, kan ei slik oppgåve synast formidabel. At det vert krevjande å finne husrom og fasilitere alt frå skulegong til born til heimetenester for gamle folk, skal ein ikkje underslå. Men det er her dei friviljuge kjem inn. Stranda Rotary er berre ein av mange organisasjonar og lag i kommunen som kan mobiliserast for å skape gode heimar og tilbod til dei som kjem. Vi er overtydde om at etablering av eit nettverk; «Solidaritet Stranda Ukraina (SSU)», med alt som kan krype og gå av friviljuge organisasjonar og engasjerte einskildpersonar, vil ha stor ha stor appell. Når kloke og arbeidsviljuge personar set seg saman for å planlegge og organisere dei tiltaka som trengs, kan store ting skje.

Vi trur «timinga» er særst god. Etter to år med pandemi og mykje isolasjon, ynskjer folk igjen å kome saman og gjere gode ting i lag. Kva vil då vere meir meiningsfullt og givande enn å gjere ein innsats for folk som har flykta frå krig og elende? Stranda Rotary er for sin del klare til å gjere det vi kan, og vere ein katalysator for organisering av friviljuge.

Vi voner Stranda kommune tek utfordringa, og vi tek gjerne eit møte for nærare drøfting av saka.

Stranda, 3. mars 2022

Med beste helsing styret i Stranda Rotary

Arne Vassbotn  
President

Kopi: Redaksjonen i Nyss